

Årsplan 2019-2020

Kaland barnehage



Innholdsliste

- | | | | |
|-------|--------------------------------|-------|-------------------------------------------------------------------|
| s. 3 | Barnehagen vår | s. 18 | Samarbeid med heimen |
| s. 5 | Praktisk informasjon | s. 19 | FAU og SU 2018 – 2019 og 2019 - 2020 |
| s. 7 | Tradisjonar i Kaland barnehage | s. 20 | Planlegging og Vurdering |
| s. 8 | Personalet | s. 21 | Plan for vurdering |
| s. 9 | Verdigrunnlaget | s. 22 | Dokumentasjon og Tilrettelegging for barn som treng ekstra støtte |
| s. 10 | Vaksenrolla | s. 23 | Fagområda |
| s. 11 | DUÅ | s. 31 | Kommunen satser på Realfag |
| s. 14 | Venskap, fellesskap, mobbing | s. 32 | Skjermvet I Kaland barnehage |
| s. 15 | Leik, omsorg, danning, læring | s. 33 | Overgangar og samarbeid med andre |
| s. 16 | Born sin medverknad | | |
| s. 17 | Leik | | |



Barnehagen vår!

Årsplanen byggjer på Rammeplanen som er ei forskrift til barnehagelova. Lova fastset overordna føresegner om føremålet, og innhaldet i barnehagen. Rammeplanen gjev retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i barnehagen og oppgåvene til barnehagen. Alle barnehagar er pålagt å lage ein årsplan som skal

- vere eit arbeidsreiskap for personale
- dokumentere barnehagen sine val og grunngevingar.
- gje informasjon om det pedagogiske arbeidet til myndigheitsnivåa og samarbeidspartane

Les meir på
www.regjeringen.no

Mål: Alle som les årsplanen vår skal få eit inntrykk av det pedagogiske arbeidet vårt, og kva tilbod vi gjev til born og foreldre.



Eigar: Austrheim kommune	Kjenneteikn: «DUÅ barnehage»	Miljøet rundt barnehagen	Ny barnehage?
<p>Barnehagen er bygd saman med Kaland barne og ungdomsskule. Dette gjer at vi kan nytte både basseng og gymsal.</p> <p>Målet er at det nære samarbeidet mellom skule og barnehage skal vere eit positivt tilskot til det oppvekstmiljøet vi ynskjer å tilby borna.</p> <p>Vi samarbeider blant anna om overgang barnehage-skule og om realfagskompetanse.</p>	<p>Vi har 4 avdelingar med tilsaman 54 plassar for born i alderen 0-5 år.</p> <p>Avdelingane er tilrettelagt med soner for ulike typar leik, dette for at borna skal få eit variert aktivitetsnivå. Romma gjev høve til organisering av små leikegrupper.</p> <p>Uteområdet vårt er opent, oversiktleg og tilrettelagt for ulike typar leik og med utfordringar for alle aldersgrupper.</p>	<p>Området rundt barnehagen er lite og oversiktleg. Born og vaksne som bur i nærområdet møtest ofte i ulike samanhengar.</p> <p>I nærområdet er det mange fine turområde som vi nyttar. Bl.a har vi Vardetangen (Noregs vestlegaste fastlandspunkt) berre 3 km unna. I eit skogsområde like ved har vi tilgang på to gapahukar.</p> <p>Det er no i gang eit arbeid for å fornye uteområdet. Arbeidet er godt i gang og vi håpar det snart er klart</p>	<p>Ny barnehage er satt på vent grunna den økonomiske stoda i kommunen. Administrasjonen snakkar om å ta opp att saka om ny barnehage tidlegast 2022.</p>



Praktisk informasjon

Opningstider	Planleggingsdagar	Telefon/mail	Vigilo
<p>Barnehagen er open alle kvardagar frå kl 07.30 – 16.30</p> <p>Unntak er: Planleggingsdagar – då held vi stengt.</p> <p>Onsdag før skjærtorsdag stengjer vi kl 12.00 Jul- og nyttårsaftan held vi stengt</p> <p>Oppholdstida pr dag er 9 timar Det er mogeleg å levere barnet sitt her kl 07.15 etter særskilt avtale.</p>	<p>Tysdag 13.08.19 og Onsdag 14.08.19</p> <p>Fredag 08.11.19</p> <p>Torsdag 02.01.2020</p> <p>Fredag 31.01.2020</p> <p>Fredag 22.05.2020</p>	<p>Telefon nummer i barnehagen</p> <p>Hovudnummer: 56162101</p> <p>Kalandsjø/gr.rom 56162102 Fellesen: 56162103 Neset: 56162104 Jonsokhaugen og Merkesåen: 56162105</p> <p>Styrar: sissel.berge.monslaup@austrheim.kommune.no</p> <p>E-postadressa til barnehagen kaland.barnehage@austrheim.kommune.no</p>	<p>For skriftleg informasjon til foreldre!</p> <p>Vigilo er eit kommunikasjonsystem, der alle foreldre får passord og lenke til app på mobilen. Det går og å logge seg på ein netlesar.</p> <p>Her er det mogeleg å kommunisere med barnehagen, sjå bilete, lese vekeplanar, få gode forteljingar frå barnehagekvardagen.</p> <p>Du får meir info ved oppstart.</p>



Ferieavvikling for borna

- ✓ Borna skal sikrast 4 veker ferie kvart barnehageår.
- ✓ Minimum 3 av desse skal vere i samanheng om sommaren, innanfor oppsette veker. Skal ein ha hovudferien utanom desse vekene, må ein søkje skriftleg til barnehagen.
- ✓ Den fjerde veka skal takast ut heil.
- ✓ Fri i romjula (dagane mellom jul og nyttår) og påskeveka vert rekna som ei ferieveke.

De kan sjølvstakt ta ut bornet ut så mykje de vil utanom dette.

Er bornet vekke pga sjukdom vert ikkje dette rekna som fri/ferie.

Matservering

Vi serverer alle måltid i barnehagen – frukost, lunsj og frukt-måltid

Til inspirasjon brukar vi kokebøker, og vi finn mykje på nettet.

Måla våre er:

- Å tilby eit sunt og variert kosthald
- Å redusere matsvinn
- Å vere kreative, slik at vi brukar opp den maten vi har kjøpt inn
- Å halde oss innanfor den økonomiske ramma som vi har; for full barnehageplass betalar kvart barn kr 400,-

Her er nokre sider med tips og idear:

www.frukt.no

www.fiskesprell.no

www.tine.no

www.matprat.no



Tradisjonar i barnehagen vår

Januar	
Februar	Karneval
Mars	Markering av barnehagedagen
April	Påskelunsj
Mai	Førebuing av nasjonaldagen
Juni	Sommarfest
September	Pizzafest med 1.kl
Oktober	Forut-aksjon
November	Julegrantenning
Desember	Nissefest, Lucia, Gudsteneste

Dei eldste borna sine tradisjonar:

Overnatting i barnehagen

Lucia-tog på Equinor Mongstad, besøker brannstasjon og er på museet.

Besøk hjå ordførar

Avslutningsfest i barnehagen med utdeling av «Vitnemål»

4-åringane sine tradisjonar:

«Nordliheimen rundt»

Vi har barn og vaksne frå ulike nasjonar og kulturar, og markerer mellom anna nasjonaldagane til dei ulike landa på avdelinga til borna.

«Barnehagen skal fremje mangfald og gjensidig respekt, og borna skal få oppleve at det fins ulike måtar å tenkje, handle og leve på.

Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs og følgje opp borna ut frå kulturelle og individuelle føresetnader.


Barnehagen skal synleggjere variasjonar i verdiar og livssyn.»

(Rammeplanen 2017)



Avdeling	Namn	Stilling
Fellesen avd raud og blå 5-åringar og 4-åringar	Charlina Westerfors Kristin H Stråtveit Sølvi H Sundfjord Julie B Hay Alina T Ekse Sissel Venke S Rebnord	Pedagogisk leiar 100% Pedagogisk leiar 80% Fagarbeidar 100% Fagarbeidar 100% Lærekandidat 100% Assistent 50%
Neset 3-åringar	Margaret S Tresvik Elisabeth Austrheim Wenche T Maurstad Björg Waage Tone Bjørnevoll	Pedagogisk leiar 80% Pedagogisk leiar 20% Fagarbeidar 80% Fagarbeidar 100% Assistent 60%
Jonsokhaugen 2-åringar	Lene S Nordtveit Caroline Solberg Renathe B Kleppe Margarita Karaman	Pedagogisk leiar 100% Barnehagelærer 100% Fagarbeidar 100% Assistent 80%
Merkesåen 1-åringar	Monica Mjanger Heidi Gullaksen Lidia Frankowska Anita Bakke	Pedagogisk leiar 100% Fagarbeidar 100% Fagarbeidar 100% Assistent 100% (01.02.20 60% på Neset)

Andre stillingar
 Styrar: Sissel EB Monslaup 100%
 Spes.ped: Elisabeth Austrheim
 40%



Verdigrunnlaget til barnehagen

Lov om barnehagar §1 Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd og har ei viktig rolle som oppvekst og læringsområde for born i førskulealder.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Alt arbeid i barnehagen skal skje i nær forståing og samarbeid med heimen.



Vaksenrolla

Mål for vaksenrolla i Kaland barnehage:

Borna skal få utvikle eit godt sjølvbilete og god sjølvkjensle,

Borna skal oppleve at dei er verdifulle menneske.

Borna skal vere trygge og trivast , og få høve til å utvikle empati og nestekjærleik.



Møte alle med anerkjennelse og respekt

For å nå måla våre må vi vaksne:

Vere tilgjengelege og gje omsorg

Vise at vi ser og forstår den enkelte

Vise respekt for barna sin personlegdom og for individuelle skilnader

Vise ekte engasjement

Legge til rette for omsorgsfulle relasjonar

Imøtekomme borna sine behov for meistring og læring.

Gripe fatt i barna si meistring, interesser og idear

Dekke fysiske behov



DUÅ

De utrolige årene = DUÅ

- ✓ DUÅ er eit program utarbeida av Carolyn Webster-Stratton; målsetjinga vår er å bli betre kompetente til å vere med og hjelpe borna i å bygge sosial kompetanse til kvarandre.
- ✓ Våren 2019; alle i personalgruppa, inkludert vikarar har tatt kursrekkeja. I tillegg har vi fått ny lærebok; målet er at alle vaksne skal ta ibruk denne og gjere oss kjent med nytt innhald.
- ✓ Implementeringsarbeidet til DUÅ blir gjennomført i tråd med eit fastlagt Årshjul. Målet er å halde ved like det vi har lært og å vidareutvikle oss. Gjennom månadsplan/vekeplan vil de få kjennskap til kva born og personale trenar på.

Programma vi har tatt kurs i er:

- DUÅ for born i alderen 3-8 år (opplæringsprogrammet til oss tilsette)
- Dinosaurskule (for 5-åringane)
- Universalprogrammet (retteleiing for foreldre) **Nytt!**

Vi arbeidar systematisk med DUÅ gjennom heile året. Vi held fokus på ulike emne som er sett opp på førehand. Gjennom vekeplanane og andre skriv, vil de få nærare informasjon om kva dei ulike avdelingane har fokus på. Tema i DUÅ er:

- ❖ Bygge relasjonar
- ❖ Å vere proaktiv
- ❖ Å fremje god åtferd
- ❖ Bruk av belønning
- ❖ Å takle dårleg åtferd
- ❖ Å lære problemløysing
- ❖ Å skaffe seg vener
- ❖ Lære å handtere kjenster

De Utrolige Årenes
foreldreprogram
www.deutroligearene.no



Foreldrepyramiden

DUÅ

Å bygge relasjonar

Vi legg vekt på å bygge gode relasjonar til born og foreldre. For å bygge relasjonar til borna er det viktig å vere der borna er – i leik, aktivitetar og rutinessituasjonar.

Å sjå kvart enkelt barn, dele opplevingar saman med dei og legge til rette for læring og danning er viktig for at borna skal bygge seg eit godt sjølvbilette. Å bygge relasjonar er og eit viktig førebyggjande tiltak mot mobbing.

Relasjonskonto

I barnehagen jobbar vi heile tida med å fylle på relasjonskontoen til borna. Vi tenkjer oss at dette er ein sparegris som vi skal fylle på med gode relasjonar som: å bry seg, leike, snakke, vise ømhet, støtte, vise sympati, gje oppmuntring, problemløysing, omsorg osv.

For kvar gong vi tar ut av denne kontoen t.d. ved konflikhtar og ueinigheit må vi fylle på med 5 gode relasjonar. (5:1 prinsippet)

Utviklingsplan

I arbeidet vårt med enkelt born/grupper er det i blant naudsynt å ta grep for å hindre uønska åtferd. Handlingar som det å slå, skubbe, spytte osv er handlingar som ikkje vert tolerert. Om dette blir systematisk gjennomført, vil personalet på den aktuelle gruppa setje seg ned å lage ein Utviklingsplan.

Vi har skjema: «Tenke som ein forskar» som vi går gjennom på førehand, då det er viktig å få fram alle sider ved saka. Spesielt ser vi på kva borna er gode på og kva dei må øve meir på.

Så lagar vi ein utviklingsplan – i denne prosessen med å finne ut kvifor barnet gjer det – og kva som kan vere gode strategiar for at barnet skal halde opp – då er det viktig at forledre er tette samarbeidspartnarar med personalet i barnehagen.

Vi føl opp planen og justerer tiltak etter kor saka utviklar seg.

Vi lagar og Utviklingsplanar for oss vaksne – her er målet at vi skal øve oss på ulike saker/situasjonar og bli flinkere innan fagfeltet vårt.

DUÅ

Dinosaurskulen

Siste året borna går i barnehagen deltar alle på dinosaurskulen. Her bygger vi vidare på den sosiale kompetansen. Vi snakkar bl.a om reglar, kjensler, korleis å få vener, korleis regulere sinne og vi har gruppearbeid som er lærerike og litt skuleretta. Vi har og mykje moro med leik, song og lesestund.

Dina, Willy og Mari er tre dukker som følgjer oss gjennom heile året – dei er for å hjelpe borna, gje dei oppmuntring og gjere borna trygge på seg sjølv.

Dinosaurskulen blir gjennomført tysdag og torsdag frå 09.30 – 10.15. Dette året har vi berre 7 barn som skal delta, så dette blir spanande.

Våren 2019 sendte vi to pedagogar frå personalgruppa som skal kursast. Målet er at vi skal spre kunnskapen over fleire avdelingar, slik at ein kan bruke element frå dinosaurskulen direkte inn i andre aldersgrupper òg.



Universalprogrammet

- Universalprogrammet; Foreldrekurs i De utrolige årene
- Målsetjing; å gje ein generell kompetanse i høve til foreldrerolla(barn 2-6 år)

«Oppmerksomme og utviklingsstøttende foreldre»

- Støtte familier til å vere merksame, og å leike med barna sine. Dette på ein måte som fremjer barna sine språkferdigheiter, akademiske ferdigheiter, emosjonell sjølvregulering og problemløysningsferdigheiter.
- Å utvikle støttesystem for foreldre, for å auke deira sjølvtilitt, og forståing av den verdifulle rolla de har som foreldre. Dette i samanheng med å fremje borna sin optimale utvikling og på denne måten påvirke borna si framtid.
- Universalprogrammet er eit frivilleg lavterskel tilbod for familiar med born i 3 til 4 års alder. Dette er eit program der 6-8 familiar saman deltar i ei kursrekke.
- Kurset vil gå over 7 veker, à 2 timer.
- Det er 2 tilsette i Kaland barnehage som er ansvarlig for gjennomføring og oppfølgjing av deltakarar på kurset.

Venskap og fellesskap



Mobbing

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre

Alle barn skal oppleve å vere viktige for fellesskapet.

Vi skal:

- Leggjje til rette for utvikling av venskap
- Støtte borna sitt initiativ til samspel og leik med andre
- Hjelpje dei til å utvikle venskap og halde på vener
- Samtale om normer for samhandling
- Hjelpje dei til å setje eigne grenser og til å respektere andre sin grenser
- Førbyggje mobbing, diskriminering og utestenging
- Førbyggje krenkingar og uheldige samspelsmønster



*«Alle trenger en liten venn
og hvis du ikke har en bør du skaffe deg en.
For gode venner er godt å ha
om du er lei deg eller du er glad.»
Tekst: Mona Kirkevik Heggernes*

Alle barn skal ha ein god barnehagekvardag. Der dei opplever å få delta i aktivitetar , vere med vener og vere eit viktig individ for fellesskapet.

At borna trivast i barnehagen er dei vaksne sitt ansvar, bygge relasjonar til alle borna, vi skal observere leik, vere med og setje ord på situasjonar og kjensler.

Bidra til at alle born har gode dagar i barnehagen.

Vi skal bl.a:

- Gjennom dialog og språkleg samspel skal vi støtte borna i å kommunisere, medverke, lytte og skape mening
- Stimulere til god leik saman i grupper
- Gje borna varietet og positive erfaringar i samspel med andre
- Vere gode rollemodellar for borna.
- Fange opp og støtte born som vert utestengt
- Bidra til at mangfald vert noko positivt for heile barnegruppa



Leik - Omsorg – Danning - Læring

Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at borna skal vere trygge og trivast.

Personalet skal dekkje borna sine behov for fysisk omsorg, medrekna behovet for ro og kvile.

Vi vil og leggje til rette for at borna kan knyte seg til personalet og til kvarandre. (Sjå Vaksenrolla)

Læring

For å fremje læring vil vi skape eit stimulerande miljø som gjev borna lyst til å leike, utforske, lære og meistre

Vi skal:

Introdusere nye tema, fenomen, materiale og reiskapar

Anerkjenne kreativitet og vitelyst

Støtte borna sine initiativ og sørge for progresjon i innhaldet i barnehagen

Gje dei varierte opplevingar og erfaringar.

Leik
Leiken har ein sentral plass i vår barnehage, både i tid og rom; ute og inne
Leiken har verdi i seg sjølv:
Alle born leikar
Born har kompetanse og engasjement i leiken
Borna lærer og utviklar seg gjennom leiken
Leik fører til forståing og vennskap
Deltaking i leik skapar trivsel og glede
Samhandling gjennom leik gjev grunnlag for sosial og språkleg læring
Enkelte born vil ha trong for ekstra hjelp og støtte for å komme inn i leiken. Vi tilrettelegg difor leikegrupper der dei vaksne kan ha ein rolle som støttespelar for dei som treng det.

Danning

Personalet skal støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til borna. Dei skal få høve til sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.

Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal vi hjelpe borna til å utvikle kritisk tenking og etisk vurderingsevne.

Vi skal :


- Støtte borna sin aktivitet
- Verdsetje ulike behov og meiningar
- Anerkjenne og følgje opp borna sine perspektiv og haldningar
- Synleggjere mangfald og ulikskap
- Invitere dei inn i utforskande samtalar
- Gje dei opplevingar som grunnlag for utforsking og læring

Born sin medverknad

Borna i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen, og dei skal jamnleg få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av denne. Barnet sitt synspunkt skal tilleggjast vekt i tråd med alder og modning (Jfr Barnehageloven §1 og §3)

At borna får medverke i sin eigen kvardag handlar om å ta born på alvor. Det betyr ikkje at alt dei uttrykkjer alltid kan gjennomførast, men dei skal få vere med i prosessen ved planlegging og evaluering.

I Kaland barnehage vert borna sin medverknad mellom anna ivaretatt gjennom



- Jamnlege barnemøte (med dei eldste borna)
- Val av aktivitetar
- Å møte borna på deira interesser
- Å bruke tankekart i samband med tema, der deira innspel vert utgangspunkt for kva fokus ein skal ha vidare
- Samtalar med enkeltborn om korleis dei har det i barnehagen
- Evaluering saman med borna, samtalestunder til tema vi har arbeidd med
- Godt dagleg samspel mellom born og vaksne. (sjå vaksenrolla)
- Vaksne som er gode til å lese kva dei vil formidle gjennom mimikk og kroppsspråk
- Borna får delta/hjelpe til i dagleg praktisk arbeid



- ❖ Det at vi brukar språk og set ord på handlingar og objekt er viktig for språkutviklinga til borna.
- ❖ Det er viktig at vi vaksne er tett på leiken, slik at vi veit kva som skjer, og ikkje berre trur vi veit.
- ❖ Det er og viktig at dei vaksne er aktivt deltakande i leiken, borna likar det og har nytte av det.
- ❖ Vi har tilrettelagt med kroker for familieleik, konstruksjon, bygging, forming, spel, drama, dans, lesing oa. Småbarnsavdelingane er og godt tilrettelagt for fysisk aktivitet for dei minste
- ❖ Ute kan borna utfalde seg fysisk på ulike måtar som t.d. klatre, sykle, byggje, leike med sand og vatn osv. Der er og plass til rolleleik, regelleik, formingsaktivitetar oa.
- ❖ Det er sett av mykje tid til leik kvar dag, både ute og inne og når vi går på tur.



Samarbeid med heimen

Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra.

Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra.

Samarbeidet skal alltid ha barnets beste som mål.

Vi samarbeidar :

- Ved hente/bringe situasjonar
- Gjennom 2 foreldresamtalar i året
- Ved 1-2 foreldremøter i året
- Via informasjon på Vigilo (oppslag i garderobe, e-post, brev, osv)
- Gjennom ulike arrangement (basar, foreldrekaffi, opne dagar osv)

Føresatt; du er ein viktig samarbeidspartnar for oss!



FAU (Foreldrerådet sitt samarbeidsutval)

Alle foreldre er medlemmer av foreldrerådet. På det første avdelingsvise foreldremøte vel ein 2 representantar til FAU (Foreldrerådet sitt arbeidsutval)

FAU representerar alle foreldra og har rett til å drøfte saker som er viktige for foreldre. Dei kan på eige initiativ innkalle heile foreldrerådet, og dei kan sende saker til SU.

Til vanleg har dei møte med styrar og drøftar planar og idear til endringar og nye tiltak. Dei er og aktive i høve til temaforeldremøte og arrangement i barnehagen.

SU (Samarbeidsutval)

På felles foreldremøte vert 2 av representane frå FAU valt inn i SU (Samarbeidsutvalet)

I SU er det og 2 representantar for dei tilsette, og 1 eigarrepresentant for Austrheim kommune.

Styrar er sekretær for SU.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ, og skal vere med å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag. Utvalet skal uttale seg i saker som har betydning for innhaldet i barnehagen og tilhøva til foreldra.

FAU			SU	
Avdeling	Namn	Namn	Representanter	Vara
Fellesen	Kamilla Solberg	Hildegunn Neteland	Anne Kate Budalbakk	Kamilla Solberg
Neset	Anne Kate Budalbakk	Ruth Helen Wærøy	Margaret S Tresvik	Caroline Solberg
Jonsokhaugen	Michelle Haugen	Kjersti Dale Rosnes	Anita Bakke	Sølvi H Sundfjord
Merkesåen	Jill K Aaland	Kathrine Berge	Politikar (eigar sin representant)	
			Styrar (referent og ordstyrar)	

FAU og SU sit til nytt styre vert valt. Med unntak av foreldre som har gått over til 1.kl. For å sikre at vi har FAU/SU i overgangsperioden kan desse utvala sitje med færre representantar.

Haust 2019 vert det ikkje halde felles foreldremøte for alle foreldre. Grunnen er at vi har ein stram økonomi, der overtidsbudsjettet vårt er redusert.

Avdelingsvise foreldremøte går som vanleg – her er det viktig at alle føresette stiller, då det vert gjeve mykje informasjon. Dette er og ein god arena for å bli kjent med andre foreldre.

Korleis halde val til SU undrar du vel då? Det vert laga skriv og lagt i hyllene til alle barna. Dette er eit skriv som du ikkje skal ta med heim, men du stemmer der og då.

Planlegging

Planane våre tek utgangspunkt i målsetjinga om at det vi gjer skal vere til borna sitt beste, og byggjer på kunnskap om korleis born utviklar seg og lærer. Erfaringar gjennom observasjon, refleksjon og systematisk vurdering dannar og grunnlag for planlegging av barnehagekvardagen og for fysisk tilrettelegging og organisering.

Årsplanen

- ❖ Byggjer på rammeplanen for barnehagane og er det viktigaste arbeidsredskapet vårt
- ❖ Gjev retning for arbeidet vårt og dannar utgangspunkt for foreldre til å kunne påverke innhaldet i barnehagen
- ❖ Grunnlaget for det tilsynet kommunen skal ha med barnehagen

Avdelingsvise årsplanar

- ❖ Syner korleis vi jobber med fagområda
- ❖ Syner mål og arbeidsmåtar
- ❖ Foreldre får påverke gjennom samtalar, foreldremøte og gjennom arbeidet i FAU og SU

Vekeplanar

- ❖ Syner kva aktivitetar som skal foregå
- ❖ Informasjon til foreldre
- ❖ Danne samtale mellom born og foreldre (opplevingar)
- ❖ Barn skal vere med å påverke innhaldet



Vurdering

I barnehagen skal vi jevnleg vurdere arbeidet vårt for å sikre at alle born får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Heile personalet skal delta i dette arbeidet gjennom refleksjon av faglege og etiske problemstillingar.

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er viktig for trivsel, utvikling og læring hjå borna. For å sikre kvalitetsutvikling vil vi vurdere arbeidet vårt på ulike måtar.

- Den pedagogiske dokumentasjonen vår er ein viktig reiskap til vurdering.
- Ulike typar observasjonar og observasjonsskjema er med på å sikre utviklinga til det enkelte barn og til barnegruppa. Dette vert nytta i planleggingsarbeidet for å sjå kva behov som ligg hjå enkeltborn og i gruppa. Vi må og sikre at vi jobbar i tråd med lov og Rammeplan
- Praksisforteljingar brukar vi i personalgruppa for å reflektere over eigen praksis – og for å bli betre på planlegging og gjennomføring av bl.a aktivitetar, samhandling osv

Kven	Kva skal vurderast	Kvifor	Korleis	Når
Born	Barnehagekvardagen	Borna skal ha reell medverknad og oppleve å verte sett og høyrd	Dagleg samtale og tilbakemelding frå borna Arbeide med tankekart	Gjennomgåande Ved start av nye tema/prosjekt
Foreldre	Barnehagekvardagen	Dei skal kjenne at barnet deira trivest og vert ivareteke på ein god måte	Gjennom foreldresamtalar Brukarundersøking Dagleg kontakt	2 gonger årleg 1 gong pr år
FAU/SU	Barnehagen sitt verdigrunnlag	Sikre at vi driv i samsvar med lova i § 1 og 2	Via SU og FAU	Jamnlege møte
Personale	Barnehage-kvardagen DUÅ Vaksenrolla	For å sikre kvaliteten på barnehage-tilbodet vi gjev til barn og foreldre For å sjekke ut korleis vi har implementert dette i kvardagen vår For å sjekke ut korleis vi utøver denne i kvardagen vår	Vernerunde på leikeplass Gjennom Årshjul Eigenvurdering Individuelt og gruppearbeid	September Personalmøter og sluttevaluering i mai/juni Personalmøta gjennom året

Plan for vurderingsarbeidet i Kaland barnehage

Kven	Kva skal vurderast	Kvifor	Korleis	
Eigar	At barnehagen vert driven i samsvar med lov	Kommunen sitt ansvar	Tilsyn	Minimum kvart 4. år



Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gje foreldre, lokalmiljøet og kommunen som eigar og barnehagemyndede informasjon om kva borna opplever, lærer og gjer i barnehagen, og korleis vi oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Vurdering av borna sin trivsel og den allsidige utviklinga til barnegruppa og enkelborn skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal danne grunnlag for å tilpasse og vidareutvikle det pedagogiske arbeidet.

Det vi gjer skal vere knytt opp mot mål i Rammeplan og Årsplan og dette ynskjer vi å få fram gjennom dokumentasjonen vår.

Dokumentasjonsmåtane våre er:

TRAS – eit observasjonsskjema for tidleg registrering av språkutvikling. Dette brukar vi til alle borna frå ca 2 år, og vi ser dette som eit viktig reiskap i språkarbeidet vårt.

MIO – eit observasjonsskjema som skal støtte arbeidet med matematikken i rammeplanen

Alle med – eit observasjonsskjema som gjev oss kunnskap om kvart enkelt barn og deira trong for pedagogisk tilrettelegging.

(Alle desse skjemaene vert lagra i arkiv og vert makulerte når borna sluttar i barnehagen eller det er med første året på skulen (etter avtale med foreldre)

Språksprell/tallsprell – eit pedagogisk verktøy som vi brukar frå 3-års alder – med ulike språkaktivitetar.

«**Meg-sjølvs-permen**» - perm der vi set inn foto, forteljingar, måleri mm. Målet er å samle positive opplevingar for barnet.

Vigilo – Målet er at alle borna skal få slutttrapportar etter veka og aktivitetane vi har hatt. Dette kan vere både enkeltvis og til heile gruppa.

All dokumentasjon skal ivareta borna sin integritet, og vere vurdert utfrå eit etisk perspektiv

Tilrettelegging for born som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til borna, og gje alle born eit likeverdig og inkluderande tilbod Dette gjeld både sosial og/eller fysisk tilrettelegging. (§19a og §19g)Vi arbeidar mykje med å inkludere alle borna i det sosiale fellesskapet på ulike måtar:

- Gjennom systematisk arbeid der vi nyttar metodane vi har lært via DUÅ-programmet
- Leikegrupper
- Lesegrupper
- Turdagar
- Språkgrupper og anna

Vi har aldersdelte grupper frå ca 3-årsalder. Dette gjer at borna kjenner kvarandre godt før skulestart, og har lært å respektere ulikskap og ulike behov.

Dersom vi har grunn til å tru at eit barn ikkje får dekt behova sine innafor det allmennpedagogiske tilbodet, opplyser vi foreldre om retten til å krevje sakkunnig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Føremålet med den spesialpedagogiske hjelpa er å gje borna tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring, td språkleg og sosialt
Hjelpa kan gjevast til barnet individuelt eller i gruppe. Den skal og omfatte foreldreveiledning.

Vi har eigen spesialpedagog stilling, og har nært samarbeid med PPT.

Foreldre vert jevnleg innkalla til samarbeidsmøte
Logoped er i barnehagen som rettleiar for den som driv språkgruppene/spes.ped
Foreldre må gje samtykke dersom eit barn skal vere med på språkgruppe



Fagområda

Læring står sentralt i Rammeplanen, og læringsmiljøet i barnehagen omfattar 7 fagområde.

Desse byggjer i stor grad på dei fagområda borna seinare møter i skulen , og understrekar at barnehagen er starten på utdanningsløpet.

Det er formulert mål både for born og for personale under kvart fagområde. Fleire fagområde vil ofte vere representerte samstundes når vi jobbar med tema, og i leik og kvardagsaktivitetar.

Gjennom prosjektet «Realfag» har vi endra fokus til fagområda: «Tal, rom og mengd» og «Natur, miljø og teknologi». Ynskje om å delta i dette prosjektet kom frå skulane, då ei opplevde at dei låg under gjennomsnitt ved nasjonale prøvar.

Vi starta hausten 2019 med å gjennomføre «Realfagsløype» – her har vi fått kjennskap til eksperiment, undring og begrepsforståing. No har det stoppa litt opp, for våren 2019 byrja vi å planlegge felles prosjekt saman med Kaland barne- og ungdomsskule. Prosjektet heiter: «Kjøkenhage» og har som mål å famne over alt frå berekraft til matematikk frå 1-16 år.

Progresjon

For å sikre progresjon innafor kvart enkelt fagområde har vi laga ein progresjonsplakat for kvart fagområde. Avdelingane må sjølv legge til rette for si aldersgruppe, og bruke borna sin medverknad til å utvikle arbeidet innan fagområda. Kvar avdeling har sine plakatar, og i dette barnehageåret skal vi finne gode løysingar på korleis vi skal evaluere dette arbeidet undervegs

Med utgangspunkt i dette tar kvar avdeling å flettar fagområda inn i vekeplanane sine. Gjennom årsplanen til avdelingane er det årshjul som syner kva tema ein jobbar med og det står gjerne kva fagområde dei legg ekstra vekt på i periodar. Barnehageåret 2017 – 2018 hadde vi eit ekstra fokus på språk og språkarbeidet i barnehagen. Frå hausten 2018 er det realfag som skal vere hovudsatsingsområdet.



Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna:

- uttrykker kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar
- bruker språk til å skape relasjonar og delta i lek, og som reiskap til å løyse konflikantar
- vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd
- leiker, improviserer og eksperimenterer med rim, rytme, lydar og ord
- møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer
- opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale
- utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar



Fagområdet handlar om å:

- Gje borna god og tidleg språkstimulering
- Lese bøker og gjere dei nyskjerrige på bøker
- Gje borna reiskapar til å vere språkleg deltakande i saman med andre barn og vaksne
- Gje borna gode opplevingar til å kunne uttrykke seg gjennom språk, teikn el bilete

Noko av det vi har som mål å gjere i barnehagen:

- ❖ Fortelje og lese historiar
- ❖ Snakke med borna om opplevingar
- ❖ Setje ord på ting og handlingar
- ❖ Bruke bøker og biblioteket
- ❖ Bruke rim, regler og vitsar
- ❖ Bruke song og rytmeleik
- ❖ Skrive ned forteljingar dei lagar sjølve
- ❖ Bruke ordspel og språkleikar – fabulere
- ❖ La dei møte tal og bokstavar og få høve til å leikeskrive
- ❖ La dei leike med dataspel/smartboard
- ❖ Sjå til at barnet sitt ordforråd aukar i takt med alder
- ❖ Sørgje for at born med forsinka språkutvikling får ekstra hjelp/støtte

Gjennom arbeid med kropp, rørslе, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna:

- opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt
- blir kjende med eigne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utviklar gode vanar for hygiene og eit variert kosthald
- vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar
- opplever å vurdere og meistre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar
- blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølv og blir kjende med sine eigne kjensler
- set grenser for sin eigen kropp og respekterer andre sine grenser
- får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid



Fagområdet handlar om å:

- Gje borna høve til å utøve variert fysisk aktivitet – inne og ute.
- Meistre vanskelegare og vanskelegare fysiske utfordringar
- Lære om kor maten sin opprinnelse er
- Lære om maten – kva et vi til kvardags og kva er greit til fest?
- Respektere sin eigen og andre sin kropp

Noko av det vi har som mål å gjere i barnehagen:

- ❖ Lære dei om kroppen og ulike kroppsdelar
- ❖ Bruke gymsal og basseng
- ❖ Gå turar i skog og mark og til sjøen
- ❖ Lære dei å bruke alle sansane
- ❖ La dei få klatre, krype, springe, hoppe, danse, sykle osv
- ❖ La dei få teikne, male, perle, modellere, sy, veve, klippe, lime, byggje med klossar osv
- ❖ La dei leike mykje: rolleleik, regelleik, teater
- ❖ La dei få erfaringar med å bruke hammar, sag og kniv
- ❖ Gje dei trening i å kle av og på seg sjølv
- ❖ La dei delta i tillaging av måltid og bruk av kjøkkenreiskapar
- ❖ La dei få trening i å forsyne seg sjølv og smørje sjølv
- ❖ Tilby sunn mat og drikke til alle måltid
- ❖ Lære om førstehjelp

Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna:

- har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene
- bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- får arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd ute og inne
- møter eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforskar og deltek i kunst- og kulturopplevingar saman med andre
- bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
- kjenner seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhørslse

Fagområdet handlar om å:

- Gje borna inntrykk og kjennskap til ulike type kunst – slik at dei får inspirasjon til å uttrykke seg.
- Gje borna kunnskap om sin eigen kultur
- Opplive skaparglede

Noko av det vi har som mål å gjere i barnehagen:

- ❖ Syngje med dei og lære dei songar, rim og regler
- ❖ Lytte til musikk
- ❖ La dei uttrykkje seg gjennom song, dans, rytme og drama
- ❖ Lese for dei og gjere dei kjent med litteratur
- ❖ La dei sjå/opplive biletkunst og kunsthåndverk
- ❖ Sørgje for at dei har rikeleg tilgang på bøker, bilete, instrument og tøy til utkledding
- ❖ Gje dei tid og rom for skapande verksemd
- ❖ Gjere dei kjent med byggeskikk og arkitektur
- ❖ Gjere dei kjent med tradisjonar
- ❖ Gjere dei kjent med kulturlandskapet og kulturminne i lokalmiljøet
- ❖ Ta dei med på teater, konsertar, kunstutstillingar oa i nærområdet vårt



Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna

- får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen
- får gode friluftslivopplevelingar året rundt
- får oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover
- får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- får kunnskap om dyr og dyreliv
- lagar konstruksjonar av ulikt materiale og utforskar kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på
- får kjennskap til livssyklusen til mennesket



Fagområdet handler om å:

- Få oppleve naturen som arena for leik og læring
- Vere nysgjerrig på naturvetenskaplege fenomen
- Bli glad i naturen og bidra til bærekraftig utvikling
- Få erfaring med å bruke teknologi og reiskapar

Noko av det vi har som mål å gjere i barnehagen:

- ❖ Ta barna med på turar til alle årstider og i alle typar ver
- ❖ Gje dei varierte opplevingar i naturen: leik, klatre, fiske, matlaging....
- ❖ Forske og eksperimentere med ver og alt vi ser
- ❖ Gje dei kjennskap til ulike teknikkar ved å sage, spikke, fiske, brenne bål, plante osv
- ❖ Lukte, smake og lytte
- ❖ Lære dei om dyr og insekt
- ❖ Lære dei om blomster og andre typar vekstar
- ❖ Plukke bær og frukt, safte og sylte
- ❖ Lære dei å ta vare på naturen
- ❖ Lære dei kjeldesortering
- ❖ Gje dei ei gryande forståing av fødsel, vekst, aldring og død
- ❖ Ha rikeleg tilgang på bøker om menneske, natur, planter og dyr.

Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna

- oppdagar og undrar seg over matematiske sammenhengar
- utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep
- leiker og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på
- erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene
- bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing
- undersøker og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterar dei på forskjellige måtar
- undersøker og får erfaring med å løyse matematiske problem og opplever glede ved matematikk



Fagområdet handlar om å:

- oppdage, utforske og skape strukturar
- Hjelp barnet til å forstå sammenhengar rundt seg sjølv
- Utvikle romforståing; inne og ute
- Vere kreativ og skapande
- Stimulere barna til undring og nyskjerrigheit
- Oppleve glede ved matematikk

Noko av det vi har som mål å gjere i barnehagen:

- ❖ La dei leike og eksperimentere med former og mønster
- ❖ La dei sortere og samanlikne storleikar, former og mål
- ❖ Gje dei kjennskap til ulike typar målereiskapar
- ❖ Gje dei rikeleg tilgang på ulike typar byggemateriell
- ❖ Bruke tid saman med dei til undring og resonnement kring avstand, vekt, volum og tid
- ❖ Stimulere evna deira til logisk tenking
- ❖ Finne matematikken i kvardagsaktivitetane saman med dei



Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna

- får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen
- utforskar og undrar seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål
- får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar
- får forståing for at det finst mange ulike måtar å forstå ting på og leve saman på
- utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap



Fagområdet handlar om å:

- Å gje borna innsikt og kjennskap til verdiane i samfunnet vårt
- Lære om den kristne kulturarven
- Lære om kva som er rett og galt
- Skape ei nyskjerrigheit, forståing og toleranse for ulike kulturar og levemåtar

Noko av det vi har som mål å gjere i barnehagen:

- ❖ Bruke bøker, forteljingar og samtale og gje borna høve til ro og undring utifrå desse
- ❖ Gje dei kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar
- ❖ Gje dei kjennskap til tradisjonar som er knytte til høgtider i andre religionar og livssyn som er representerte i gruppa
- ❖ Gje borna hjelp/støtte til å finne vener og halde fast på vennskap
- ❖ Oppmode dei til å hjelpe andre
- ❖ Lære dei å samarbeide
- ❖ Hjelpje å finne konstruktive løysingar på konflikter
- ❖ Vere gode rollemodellar



Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna

- blir oppmuntra til å medverke i eigen kvardag og utviklar tillit til samfunnsdeltaking
- erfarer at alle får utfordringar og like høve til å delta
- utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt
- blir kjende med lokalhistorie og lokale tradisjonar
- blir kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer
- blir kjende med at samane er Noregs urfolk, og får kjennskap til samisk kultur · får kjennskap til nasjonale minoritetar



Fagområdet handlar om å:

- Gje borna erfaring og kunnskap om å leve i eit demokratisk samfunn
- Dei skal oppleve inkludering
- At vi jobbar aktivt mot rasisme og mobbing
- Bli godt kjent i nærmiljøet rundt barnehagen og omliggande bygd
- Få eit innblikk i korleis eit lokalsamfunn er bygd opp, og kva eit samfunn består av

Noko av det vi har som mål å gjere i barnehagen:

- ❖ Vere bevisst born sine rettar (barnekonvensjonen)
- ❖ Gje dei medverknad og gjere dei trygge på eiga deltaking
- ❖ La dei erfare at alle er veridfulle og viktige for fellesskapet
- ❖ La dei erfare at alle kan vere med å påverke
- ❖ Arbeide med likestilling mellom gutar og jenter
- ❖ Arbeide med forståing av likskapar og ulikskapar mellom ulike kulturar
- ❖ Besøkje arbeidsplassar og institusjonar i lokalmiljøet
- ❖ Gjere dei kjende med kva som finst av tilbod: butikk, post, bibliotek mm
- ❖ Invitere personar som t.d. kan formidle lokal historie
- ❖ Invitere lokalavisene
- ❖ Gjere dei kjende med ulike media
- ❖ Vere ein aktiv deltakar i lokalmiljøet

Kommunen satsar på Realfag

Realfag

Austrheim kommune er ein del av den nasjonale satsninga innafor realfag. Vi startar hausten 2018 og ut 2019, med mulighet for forlenging.

Overordna strategiplan skal vere ferdig januar 2019.

Kaland barnehage ynskjer å starte med realfagsløyper hausten 2018. Vi kartlegg eigen ståstad, samt at vi får ei innføring i det grunnleggande innan realfag for barnehagen.

Våren 2019. Vi jobbar med korleis personalet kan legge til rette for utforskande og varierte møte med realfaga i lek, kvardag og tilrettelagde aktivitetar, både ute og inne. Gjennom egne erfaringar og refleksjon rundt desse, vil barna utvikle realfagleg forståing.

Vi har fått utvida perioden til tre år: 2018 - 2021

Kjøkenhage

- Som del av realfagssatsinga til kommunen har vi sett i gong eit prosjekt på Kaland. Dette er eit felles prosjekt mellom barnehagen og skulen.
- Kjøkenhagen blir delt inn som ein mandela, med sektorar som tilhøyrar dei ulike nivå på barnehage/skule.
- Her skal vi dyrke ulike ting, sjå på korleis ting veks fram og korleis me kan dra nytte av naturen. Me skal vatne, gjødsle, drive økologisk, lage statistikk gjennom å måle, vege og telje. Bruke det vi dyrkar til matlaging både på skule og i barnehagen.
- Vi vil og sjå på småkryp, insekt og humler – kva likar dei? Korleis ta vare på dei? Er det nokon småkryp vi ikkje vil ha i kjøkenhagen vår?
- I nye læreplanar og i Rammeplanen er bærekraftig utvikling og utforskande læring ein stor del av tenkinga. Gjennom dette prosjektet vil me fokusere på desse områda og engasjere born og elevar til å ta del i dette.
- Vi samarbeidar tett med Høgskulen på Vestlandet i dette prosjektet – gjennom kurs og praktisk tilrettelegging

Skjermvet i Kaland barnehage



Slik jobbar vi med IKT:

- Våre digitale verktøy skal brukast til å fremje læring og undring
- Ved bruk av digitale verktøy skal barn og vaksne vere deltakande – saman!

Vi vil at alle i barnehagen skal få oppleve at digitale medier er ei kjelde til kunnskap, underhaldning, fellesskap og undring.

At barn og vaksne skal oppleve meistring saman.

Dele kunnskap om gode apper og program for barn med kvarandre og foreldre.

Vaksne som rollemodellar:

- Overhalde personvernlova
- Lære oss om kva vi kan gjere i det offentlege rom og kva vi ikkje skal gjere.
- Setje oss inn kva digital danning er
- Bevisstgjere eigen praksis og andre sin praksis – lære oss nye program
- Samarbeide med foreldre om IKT og personvern



Overgangar

Når barnet begynner i barnehagen

Vi skal i samarbeid med foreldre leggje til rette for at borna får ein trygg og god start i barnehagen.

For at barnet skal bli kjent og knyte relasjonar til både dei vaksne og dei andre borna på avdelinga, skal vi tilpasse rutinane våre til det enkelte barnet sitt behov. Barnet skal få tett oppfølging den første tida, slik at det kan føle seg trygt til å leike og utforske.

Vi har utarbeidd eit orienteringsskriv som nye foreldre får utdelt ved oppstart.

Overgangar i barnehagen

Når borna skal byte avdeling eller gå over på ei ny barnegruppe, skal vi sørge for at dei får høve til å bli kjende med nye rom og nye vaksne.

I vår barnehage har vi i hovudsak aldersdelte grupper, og vi har som prinsipp at alle borna får med seg ein vaksen dei kjenner ved skifte av rom eller barnegruppe

Overgang mellom barnehage og skule

Vi skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at borna får ein trygg og god overgang.

Vi skal gje borna eit godt grunnlag for å begynne på skulen, slik at dei vert motiverte og kan gle seg til skulestart.

Barnehagen og skulen utvekslar kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeidet.

Vi må ha samtykke frå foreldre for å utveksle kunnskap om enkeltborn

Samarbeid med andre

For å skape gode oppvekstvilkår og gje heilskapleg tilbod til born og foreldre i kommunen vår, er det naudsynt at vi i barnehagen samarbeider med andre tenester og institusjonar. Det kan til dømes vere trong for samarbeid med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid må vi følgje føresegnene om teie- og opplysningsplikt.

Grunnskulen

Vi er fysisk nær knytt til Kaland barne- og ungdomsskule, og har samarbeid og sambruk av ein del areal. Elevar frå skulen får ha praksis i barnehagen og barnehageborna kan gå på besøk til skulefritidsordninga.

Tverrfagleg ressursteam/psykososialt ressursteam

Ressursteamet er samansett av helsesøster, personar frå psykisk helsevern, PPT, barnevernet og barnehagane. Planen er at ein skal kunne drøfte problemstillingar og utfordringar knytt opp mot barnehagekvardagen, eller ta opp einskildesaker i høve til born. I einskildsaker skal foreldre gje samtykke og ha høve til å vere med i møte om dei ynskjer det.

PP-tenesta (Den pedagogisk-psykologiske helsetenesta)

Born under opplæringspliktig alder som har trong for spesialpedagogisk hjelp etter §19a i Barnehagelova, kan få slik hjelp i barnehagen. PP-tenesta gjev sakkunning, tilsyn, og gjev råd og rettleiing til barnehagen. PP-tenesta i Austrheim har spesialpedagog og logoped. Logopeden er med på språkgrupper i barnehagen, og vi har faste rettleiingsmøte med tenesta.

Barneverntenesta

Hovudoppgåva til barnevernet er å sikre born som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, skal få naudsynt hjelp og omsorg. Barnehageplass er eit av tiltaka som barnevernet nyttar seg av. Ved slike høve er det viktig med eit godt samarbeid mellom dei to instansane. Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til barnevernet

Helsestasjon

Vi har samarbeid med helsestasjon i enkeltsaker. Helsestasjonen bidreg og med råd og rettleiing om kosthald, handtering av medisin, smittevern oa.

Norhordland Kursregion

Austrheim kommune er medlem i Norhordland Kursregion (NKR). Denne er samansett av alle kommunane i Norhordland medrekna Osterøy. NKR har som mål å arbeide for kompetanseutvikling for alle tilsette i barnehage og skule.

Andre samarbeidspartar;

Austrheim kystbarnehage, Austrheim kyrkje, Austrheim kommune, Bibliotek, Equinor Mongstad, Lokale bondegardar

Vi ynskjer å vere ein barnehage som er synleg i lokalmiljøet, og som vert opplevd som eit positivt bidrag til oppvekstkrinsen